



Hjelmås VVS AS  
Leknesvegen 183  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3960 - 16/12729

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
11.05.2016

## Dispensasjon og løyve til etablering av minireinseanlegg gbnr 238/13 Eknes indre

### Administrativt vedtak. Saknr: 241/16

Tiltakshavar: Rolf Femanger

Ansvarleg søker: Hjelmås VVS AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av minireinseanlegg på eidegom gbnr. 238/13 Eknes indre.

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terregnarbeid og leidningsnett i samband med etablering av nytt minireinseanlegg.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel frå 2011-2023 § 1-6.

Det vert elles vist til søknad motteke 23.11.15 og supplert 17.02.16.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søker ved brev av 06.01.16. Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søker 17.02.16.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 17.06.16 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eidegomen ligg i uregulert område sett av til spredt bustadbygging i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå 15 meter byggegrense langs FV 393.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:



## **Søknad om dispensasjon fra §1.6 i kommuneplan.**

I forbindelse med at eier av Gbnr 238 / 13 på Eknes Indre ønsker å oppgradere utslippet fra en enkel slamkum til avløpsrenseanlegg søkes det om dispensasjon fra byggegrensa til FV 395.

Eksisterende slamkum ligger 6,5m fra midt i veien mens nytt avløpsrenseanlegg plasseres 12,5m fra midt i veien.

Avløpet er tenkt ført til bekken / elven som renner like forbi der anlegget plasseres, videre renner elven under veien og til sjø.

Statens Vegvesen har gitt løyve til tiltaket, se vedlagte skriv.

### **Uttale fra anna styresmakt**

Det ligg føre uttale fra Statens vegvesen datert 04.02.16;

**Fra:** Hagesæther Øystein  
**Sendt:** 4. februar 2016 09:39  
**Til:** peder@hjelmaas.no  
**Emne:** Avløpsrenseanlegg

Hei Peder

Viser til synfaring oktober 2015, og telefonsamtale 29.01.16.

Statens vegvesen gjev løyve til at det vert montert avløpsrenseanlegg 4m frå veggkant av Fv 393, Eknes Indre Grn. 238 Bnr. 13.

Anlegget må monterast slik at det ikkje hindrar vedlikehold/reparasjon av stikkrenne på staden.

For utarbeidning av arbeidsvarsling kontakt Arve Løtteit 95845124 eller Paul Espeskog 93429700.

Oppgi då: Fv 393, Hp 1, m 4315

Med helsing  
Øystein Hagesæther

Seksjon: Vegseksjon Nord-, Midt- og Sunnhordland  
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER  
Kontoradresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN  
Telefon: +47 56342954 Mobil: +47 97674634 e-post/Lync: [oystein.hagesather@vegvesen.no](mailto:oystein.hagesather@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) e-post: [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Kopi av vedtaket med klagerett vert sendt til Statens vegvesen.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Det er ikkje vurdert som naudsynt med nabovarsling av dispensasjonssøknaden då rørd nabo er varsla om sjølve tiltaket, og Statens vegvesen har gjeve positiv uttale i saka (jf. e-post datert 04.02.16)

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 15.02.16. i søknad om dispensasjon avstand til offentleg veg er opplyst å vere 12,5 meter. Minste avstand til nabogrense er på situasjonsplan opplyst til 4 meter.

#### Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Omsøkt tiltak er ei oppgradering av eksisterande anlegg og utslepp på eigedom gbnr. 238/13.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i administrativt vedtak saknr. 003/16 datert 11.05.16. Utsleppsløyve gjeld etablering av minireinseanlegg av typen Biovac FD 5N PEH, 5 PE.

#### Tilkomst, avkjørsle og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

#### Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av eksisterande slamavskiljar og leidning, samt nytt minireiseanlegg med tilhøyrande leidningsnett. Øvrige tiltak synt på situasjonsplan datert 15.02.16 er ikkje vurdert i saka.

Etablering av støttemurar må søkjast om separat.

#### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

#### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

### **VURDERING**

#### Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styremakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innanfor ramma av dei omsynlova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det er søkt om dispensasjon frå 15 meter byggegrense langs FV 393.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at tiltaket er ei oppgradering av eksisterande anlegg, samt at det ligg føre positiv uttale frå Statens vegvesen. Tiltaket vert plassert i ein avstand på 12,5 meter frå vegmidte, og vert til dels nedgravd.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå § 1.6 i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 for etablering av omsøkt minireinseanlegg.

Ein finn at omsyna som regelen skal i vareta ikkje i vesentleg grad vert sett tilside som følgje av tiltaket.

#### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### Visuelle kvalitetar

Tiltaket vil etter gjennomføring i liten grad vere synleg over terrenget.

#### Andre tilhøve

Mur synt på innsendt dokumentasjon, dagsett 17.02.16, er ikkje vurdert og må søkjast om separat.

#### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå § 1.6 i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 for etablering av minireinseanlegg 12,5 meter frå vegmidte FV 393.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a jf. pbl §§ 20-2 bokstav a og § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av minireinseanlegg med tilhøyrande leidningsnett på eigedom gbnr. 238/13. Løyvevert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 15.02.16 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3. Løyve gjeld berre etablering av minireinseanlegg og naudsynt leidningsnett. Andre tiltak synt på situasjonsplan må handsamast i eigen søknad.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Utkobla slamavskiljar skal sanerast og fjernast og leverast i godkjend deponi.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TTKL.	ANSVARSMÅRÅDE
SØK	Hjelmås VVS AS	988 410 586	L	1	Heile tiltaket
PRO	Hjelmås VVS AS	988 410 586	S	1	Avløpsrenseanlegg og rørledninger utvendig
UTF	Hjelmås VVS AS	988 410 586	S	1	Avløpsrenseanlegg og rørledninger utvendig

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagan er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagan skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3960**

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Kopi til:

Rolf Femanger

Liakroken 38 5132

5132

NYBORG

## Mottakarar:

Hjelmås VVS AS

Leknesvegen 183 5915

5915

HJELMÅS